

## Saksprotokoll i fylkestrafikksikringsutvalet i Hordaland - 28.05.2019

**Stein Inge Ryssdal (H)** satte fram slikt forslag:

«Alternativ 4. kulepunkt:

Med bakgrunn i desse argumenta er FTU Hordaland einig i at delar av den obligatoriske trafikkopplæringa til førarkort må unntakast frå fraværsgrensa i vidaregåande skule. I tillegg til framlegget om 13 timar av tryggleikskurs på bane og veg, må også den praktiske førarprøven unntakast fråværsregelen.»

**Jon Askeland (SP)** sette på vegner av SP, H, FRP og A fram slik protokollmerknad:

«Fylkestrafikksikringsutvalet oppmodar ungdommens fylkesutval om å gje høyringsuttale i saka.»

### Røysting

Fylkesrådmann sitt forslag vart samrøystes vedteke med det alternative forslag frå Ryssdal.

### Vedtak

Fylkestrafikksikringsutvalet i Hordaland sender høyringsuttalen skissert av Trygg Trafikk som sitt svar på regjeringa sin invitasjon til høring om trafikkopplæring til førarkort og unntak frå fraværsgrensa i vidaregåande skule.

Fjerde kulepunkt skal lyde:

Med bakgrunn i desse argumenta er FTU Hordaland einig i at delar av den obligatoriske trafikkopplæringa til førarkort må unntakast frå fraværsgrensa i vidaregåande skule. I tillegg til framlegget om 13 timar av tryggleikskurs på bane og veg, må også den praktiske førarprøven unntakast fråværsregelen

### Protokollmerknad frå SP, H, FRP og A

Fylkestrafikksikringsutvalet oppmodar ungdommens fylkesutval om å gje høyringsuttale i saka